

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 01.06.2021  
**Tidspunkt:** 09:00-11:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune
Vidar Sandal	Vara	Gloppen kommune

## Merknadar

Vibeke Johnsen var med i møtet frå kl 10:00.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Marthe Gjerde	Nasjonalparkforvaltar
Tor Arne Hauge	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

Ivar Kvalen

---

Kari Synnøve Muri

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 15/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 17/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - høyring av besøksstrategi		2019/3131
ST 18/21	Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for innsamling av planter, sopp og lav for vitskapleg føremål i samband med basiskartlegging i Erdalen og Bødalen		2021/3732
ST 19/21	Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for merking av analyseruter og uttak av plantemateriale i samband med overvakningsprogrammet Arealrepresentativ overvakning på Flatefjellet		2021/6243
ST 20/21	Delegerte saker		
DS 3/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Motorferdsel Nyestølen - Langedalen - Veitstrond idrettslag		2021/3736
ST 21/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker 1. Status tiltak 2021 2. JOSTICE – status 3. Utviding av nasjonalparken – Svartebotnen 4. Nye styresider og besøkssider – status 5. Møte om skilting langs veg 6. Møte i Skålastilaget 7. Styrt beiting med geit – prøveprosjekt 8. Mediesaker sidan sist		
RS 10/21	Høyringsuttale til besøksstrategi for Nigardsbreen naturreservat		2021/6361
RS 11/21	Breturkartet 2021		2019/5689
RS 12/21	Søknad om utsetjing av fisk i Jostedal - Tverradalen i Krundalen		2021/7936

## **ST 15/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.06.2021**

### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 16/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.06.2021**

### **Vedtak**

Kari Synnøve Muri vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar Ivar Kvalen. Protokollen skal godkjennast elektronisk på epost.

## **ST 17/21 Jostedalsbreen nasjonalpark - høyring av besøksstrategi**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.06.2021**

### **Handsaming i møte:**

Styret valde å forlenge høyringsfristen frå 15.august til 1.september 2021.  
Vedtak elles i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark, høyringsdokument 01.06.2021, på høyring med dei tillegg og endringar som vart gjort i møte. Høyringsdokumentet vert lagt ut på heimesida til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Melding om høyring av besøksstrategien vert sendt til kommunane, fylkeskommunen, lag og organisasjonar, grunneigarlag og destinasjonsselskap med tilknyting til nasjonalparken.

Høyringsfrist er sett til 1.september 2021.

## **ST 18/21 Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for innsamling av planter, sopp og lav for vitskapleg føremål i samband med basiskartlegging i Erdalen og Bødalen**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.06.2021**

### **Handsaming i møte:**

Vedtak i samsvar med innstilling fra forvaltar.

## Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS løyve til å ta belegg av artar for vitskapleg føremål i Erdalen og Bødalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld fram til 1.november 2021.

Det er knytt følgjande vilkår til løyvet:

- Løyvet gjeld for personell som utfører feltarbeid i samband med basiskartlegging i Erdalen og Bødalen.
- Det skal ikkje samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova).

## **ST 19/21 Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for merking av analyseruter og uttak av plantemateriale i samband med overvakingsprogrammet Arealrepresentativ overvåkning på Flatefjellet**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.06.2021**

#### **Handsaming i møte:**

Vedtak i samsvar med innstilling fra forvaltar.

## Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Norsk institutt for naturforskning løyve til å merke analyseruter og ta små mengder plantemateriale i samband med overvakingsprogrammet arealrepresentativ overvåkning (ANO) i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld fram til 1. november 2021. Vidare får Norsk institutt for naturforskning løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, til merking av analyseruter ved oppsetjing av maksimum 36 midlertidige fastmerker ved Flatefjellet, på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for personell som utfører feltarbeid i samband med arealrepresentativ overvåking på Flatefjellet
2. Det skal ikkje samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova)
3. Fastmerka skal ikkje setjast ned der punkta hamner på stein eller anna materiale som er ueigna for fastmerking, kun der det er jord, og tilkomst til lokalitet for feltpersonell er mogleg
4. Fastmerka skal setjast heilt ned i jorda slik at dei er minst mogleg synlege
5. Fastmerka skal fjernast når dei ikkje lenger er i aktiv bruk, seinast 1. november 2026
6. Det skal ikkje ligge att søppel og skrot etter arbeidet

Etter at prosjektet er gjennomført skal kortfatta rapport sendast til nasjonalparksekretariatet, med biletar, lokalisering på kart av fastmerka som er sett opp, og oversikt over tal fastmerker som er sett opp under feltarbeidet.

## **ST 20/21 Delegerete saker**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.06.2021**

#### **Vedtak**

Delegerete saker vart tatt til orientering.

#### **DS 3/21 Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Motorferdsel Nyestølen - Langedalen - Veitstrond idrettslag**

## **ST 21/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.06.2021**

#### **Handsaming i møte:**

1. Forvaltarane gjekk gjennom tiltakslista for 2021, med fokus på økonomi og framdrift i dei einskilde tiltaka.

#### **Vedtak**

Styret handsama sakene og tok dei til vitande.

#### **RS 10/21 Høyringsuttale til besøksstrategi for Nigardsbreen naturreservat**

#### **RS 11/21 Breturkartet 2021**

#### **RS 12/21 Søknad om utsetjing av fisk i Jostedal - Tverradalen i Krundalen**